LINDÅS KOMMUNE
Landbruksavdelinga

Arne Magnar Kvamme
Kvamsvegen 17
5911 ALVERSUND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Kjartan Nyhammer | 09.07.2019 |
| Vår: 19/1129 - 19/22096 | kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no | |

# Gbnr 142/3 Kvamme Øvre - Løyve til omdisponering av dyrka jord for etablering av luftegard til hest

**Administrativt vedtak. Saknr: 422/19**

**Vedtak**

**Lindås kommune gjev løyve til omdisponering av om lag 200 m2 innmarksbeite til luftegard for hest på gbnr 132/4 Kvamme Øvre jfr søknad. Vedtaket har heimel i § 9 i jordlova. Grunngjevinga framgår av saksutgreiinga.**

**Mynde :**

Saka vert handsama av Heradsagronomen etter delegert mynde frå Rådmannen.

**Lovverk :**
Då dyrka jord skal nyttast til anna formål enn jordbruk krevs det kommunalt løyve jfr jordlova § 9.

**Saksutgreiing**

**Vurdering :**
Samtykkje til omdisponering kan gjevast etter ei samla vurdering av forholda. I jordlova § 9 andre ledd og andre og tredje punktum er det sagt kva omsyn som skal tilleggast vekt. «ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- og miljømessige ulemperfor landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gje. Det skal også takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon».

Då arealet er lite, formålet godt og det ligg i utkant av beitet vil det ikkje vera til noko ulempe for landbruket. Det er betre å ha eit mindre fast underlag med drenering til lufting av hest enn sunntrakka innmarksbeiter. Saka er kurrant og vert ikkje vurdert nærare.

**Konklusjon :**

Det vert gjeve løyve til omdisponering av innmarksbeite på gbnr 132/4  Kvamme øvre for luftegard til hest.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arne Magnar Kvamme | Kvamsvegen 17 | 5911 | ALVERSUND |